

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr 20162733
Oppdragsnr 2016069

Matrikkeletat					
Kommune Meland kommune	K.nr 1256	Adresse PB. 79	Postnr 5906	Poststad Frekhaug	

Matrikkeleining					
Gateadresse REKNES BYGGJEVARER L/L (Hjemmelshaver)	Gnr 42	Bnr 65	Fnr 0	Snr 0	Registrert eigar/festar REKNES BYGGJEVARER L/L (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga					
Forretninga avvikla:	Dato 09.12.2016	KI 09.30	Stad På parsellen		
Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining					
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon		
Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn					
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn	
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna				
Forklaring Klarlegging og oppmåling av eksisterande grenser for gnr 42 bnr 65.					
Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering		
Rekvirent REKNES BYGGJEVARER L/L		Rekvisisjonsdato 26.10.2016			

Habilitet					
Landmålaren sitt namn Per Atle Sæle					
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.					
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)			

Varsling og oppmøte					
Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsle, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfestaa sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).					
Ev. merknader til varslinga					

Saksdokument - bakgrunn for forretninga					
	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant	
Søknad etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>	
Vedtak (tillatelse) etter pbl				<input checked="" type="checkbox"/>	
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>	
Varsel om oppmålingsforretning				<input checked="" type="checkbox"/>	
Situasjonskart og situasjonsplan				<input checked="" type="checkbox"/>	
Konsesjonsdokument				<input checked="" type="checkbox"/>	
Servitutt				<input checked="" type="checkbox"/>	
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				<input checked="" type="checkbox"/>	
Avtaler				<input checked="" type="checkbox"/>	

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtalar, skilsdom, påstandar frå partane m.m.					
Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skilsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
65-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			
65-2	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjengfunnet og nymålt			
65-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			
65-4	Umerket Nedsatt i:				
65-5	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			
78-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			
78-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
78-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
78-4	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			
84-1	Umerket Nedsatt i:				
51-1	Bolt Nedsatt i: Fjell	Gjengfunnet og nymålt			

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 42 bnr 65, Reknes Byggjevarer, har 26.10.2016 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging og merking av grensene. Gnr 42 bnr 65 er oppretta ved skyldskifteforretning i 1969. Grensene som er matrikkelført, samsvarar ikkje med grensene som er skildra i skyldskiftet.

Oppmålingsforretning vart halde 09.12.2016. Ved forretninga møtte Egil Sagstad for 42/65, Trine Bruvik for 42/4, Børre Liland for 42/57, Geir Hoff Johannessen for 42/79, June og Karl Erik Telle for 42/51. I tillegg til dei frammøtte, var også eigarar av 42/8, 42/78 og 42/84 varsla, men møtte ikkje.

Grensa mellom 42/51, 42/78 og 42/4 vart først påvist med kross i fjell, grensepunkt 78-1. Vidare vart grensa mellom 42/65, 42/78, 42/79 og 42/4 påvist med kross i fjell (kvitmalt), grensepunkt 78-4. Geir Hoff Johannessen meinte at grensa til 42/79 gjekk vidare 4,5m mot nordvest langs grensa til 42/65 til grensa mot 42/84. Her skulle også vera kross i fjell, men denne vart ikkje funne. Børre Liland påviste kross i fjell på austsida av vegen som grense mellom 42/65, 42/57 og 42/84, grensepunkt 65-1. Grensa mellom 42/65 og 42/57 går herifrå i nordaustleg retning 49,5 m til påvist merkestein i grensa mot 42/8, grensepunkt 65-2.

Sjølv om det ikkje står noko i skyldskifte for 42/65 at parsellen grensar til andre parcellar, legg partane til grunn at 42/65 har felles grense i sør til 42/78, i vest til 42/79 og 42/84, i nordvest til 42/57, i nordaust til 42/8 og i aust til 42/4.

Den gamle grenselina mellom 42/4 og 42/8 er skildra som 16. skiftelinje i utskiftingsprotokoll for utmarka på Eikeland, tinglyst 06.03.1918, og viser på utskiftingskart opptatt i 1914. To av dei gamle krossane frå 1914 vart påvist, grensepunkt 65-3 og grensepunkt 65-5.

Grensa mellom 42/65 og 42/78: I skyldskiftet for 42/78 er den nordre lina skildra med tre krossar (40,5 m + 23 m), medan det i skyldskiftet for 42/65 er oppgitt 53 m mellom to krossar, dvs eit avvik på omlag 10 m. To av dei tre krossane som er skildra i skylddelinga for 42/78 mot nord vart funne, grensepunkt 78-3 og 78-4. Grensepunkt 78-2 er utrekna med skylddelingsmål, 40,5m frå 78-3 og 57m frå 78-1.

Eigar av 42/65 og eigar av 42/4 var samde om å justera den austre grenselina til 42/65 til å gå i rett line frå grensepunkt 78-2 i nordaustleg retning 35,44m til gammal jordskiftekryss i grensa mot 42/8, grensepunkt 65-5. Dette punktet ligg 57,56m frå grensepunkt 65-2 i grensa mot 42/57, Børre Liland. Partane meinte at denne grensa var meir hensiktsmessig enn den gamle grensa som også var vanskeleg å rekonstruera. Verdien av det avgitte og mottatte arealet vert vurdert å ha same verdi.

Arealet til 42/65 er etter dette oppmålt og utrekna til 3331 m<sup>2</sup>. I skyldskiftet står det at arealet er omlag 2,5 dekar.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har skrive ut nytt matrikkelbrev for 42/65 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar. Grensa mot 42/8 er retta i matrikkelkartet på strekninga frå 42/51 sitt nordvestre hjørne til 42/57 sitt nordaustre hjørne. Grensa for 42/51 er retta opp i aust mot 42/4. Grensene til 42/78 er også retta opp i matrikkelkartet. Den søndre og vestre grenselina er lagt inn med därlegare kvalitet enn den målte grensa mot nord og aust, men er rettare enn grensa som tidlegare låg i kartet. Grensa for 42/79, 42/84 og 42/57 er retta på strekninga som grensar til 42/65.

Kommunen ber om godkjenning av grensejusteringa mellom 42/65 og 42/4 ved at eigarane signerar på protokollen og returnerer eit eksemplar hertil.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 42/65 og eigar av 42/4 godkjenner med dette grensejusteringa og dei oppmålte grensene for 42/65.

Eigar av 42/65

Eigar av 42/4

Sted  
Frekhaug

Dato  
16.12.2016

Underskrift  


<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningssdokumentasjon			
	Beregningssdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/resekjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			